

Refleksjonsspørsmål til Bonusepisoden

- Fekk du ny kunnskap, eller blei du overraska over noko, etter å ha sett Bonusepisoden? Kva var eventuelt nytt og overraskande for deg?
- Blei du skremt av å høyre om nokre av desse rusmidla? Kva blei du eventuelt mest skremt av og kvifor?
- Etter å ha sett Bonusepisoden, blei du freista til å prøve nokre av desse rusmidla? Eventuelt kva freista og kvifor?
- Det er stor sannsynlegheit for at alkohol og andre rusmiddel blir brukte samtidig. Kva med verknader, bivirkningar og farlegheit hvis ein blandar rusmiddel?
- Det finst mange ulike typar alkoholhaldig drikke, med ulik styrke (alkoholprosent). Når du kjøper lovleg alkohol, så er flasken og boksen merka med kva slags prosent alkoholen inneheld. Tenker du over kva prosenten kan bety når/viss du drikk alkohol?
- Kva tenker du om dette med styrke når det gjeld dei andre rusmidla? Er for eksempel hasj alltid like sterkt? Korleis kan ein vite kor sterkt det er?
- Er det forskjell på å smake eller teste ut alkohol samanlikna med andre rusmiddel? Kvifor er det forskjell, eventuelt?
- Kvifor trur du nokon prøvar rusmiddel, sjølv om informasjonen om skadepotensialet og bivirkningar er så tilgjengeleg? Og kvifor held nokon fram å bruke rusmiddel, når dei kan risikere å utvikle avhengigheit og andre problem?
- I Noreg er narkotiske stoff forbodne. Og ein må vere 18 år for å kjøpe øl og vin. Skal du kjøpe sprit, må du vere 20 år. Kvifor trur du det er sånn?

Sjå undervisningsopplegget og refleksjonsoppgåvene til kvar episode for å finne fleire aktuelle refleksjonsoppgåver til Bonusepisoden.

Det kan òg vere lurt å sjekke ut [nettressursen til RUSinfo](#) saman med elevane. Her finn de blant anna informasjon og brosjyrer om ulike rusmiddel

[Sjå aktuelle brosjyrer om rusmiddel](#)

[Sjå fakta om rus- og legemiddel](#)

UTTKAST